

---

# Årsmelding

---



2021

---



## Årsmelding 2021 Klepp frivilligsentral

### 1. Målsetting

*Klepp frivilligsentral skal vera med på å fremja og utvikla frivillig innsats til det beste for enkeltpersonar, grupper, organisasjonsliv og lokalmiljø i Klepp kommune.*

- Frivilligsentralen skal vera med på å skapa gode levevilkår og auka livskvalitet for innbyggjarane, slik at desse opplever å meistre kvardagen og å høyre til i eit fellesskap.*
- Klepp frivilligsentral skal gjennom å stimulera til frivillig arbeid, bidra til å utvikla eit levande lokalmiljø, der folk møtest, deltar aktivt, samarbeider, bruker evner, utviklar interesser og tar medansvar i ulike deler av den lokale oppgåveløysinga.*

Klepp kommune eig og driv Frivilligsentralen som ligg i Fredheimsbygget. Sentralen har og fleire aktivitetar i Skatvedthuset, Bøkevegen 1.

### Tilsette:

Ann Kristin N. Hatletvedt 100%  
Liv Wenche Malmin 100%  
Gunhild Damsgård Klingsheim 70%  
Laila Tøresby/Mona Ø. Kyllingstad -  
Treffpunktet 40%  
Elise Sofie Høyland prosjektleiar “Få det gjort” 40%  
Bengt Sjøthun Ellingsen prosjektleiar  
“Verdensrommet” 50%

### Styret i Klepp frivilligsentral i 2021

Leiar, politisk vald, Samfunn og kultur:

Andrine K. Homme

Vara: Kurt Hermansen

Nestleiar, politisk vald, Helse og Velferd:

Elin Barane Helland

Vara: Kristine N. Meinkøhn

Frivilligre representantar:

Oddbjørg Starrfelt

Åsmund Steinnes

Terje Barka

Anne Lise Haukås

Vara: Razia Barat Ali

Helse/Velferd adm. oppnemnd:

Liv Øvregaard

Vara: Agnes Lea Tvedt

Samfunn og kultur, adm. oppnemnd:

Ulf Ludvigsen

Vara: Tone Michelle Rønningsen

Sekretær: Ann Kristin N. Hatletvedt

Det har vore 4 styremøte med 43 saker.

### Deltaking i diverse

#### komitear/samarbeidsprosjekt:

Samarbeidsforumet

Byprestane/Asfalt

Eldres dag (avlyst)

Seniornettkafe – Klepp

Møteplassen

Nettverksgruppe for daglege leiarar

Frivillig-Rogaland

Frivillighetens dag 7. desember

Samarbeid med Stiftelsen Fredheim

Frivilligkoordinator Helse og Velferd

Invi – utvikling av datasystem

Aktivitetsvenn Klepp

Aktivitetsvenn Rogaland

Frivillig.no

Natteravn Klepp

Nytt kommunehus

Lyttevennkonferanse

Konferanse Aktive Saman

Kurs i sjølvmoedsforebygging

Sykkelturen 2022

Leve heile livet

Massevaksinering i Klepp

Saman på nett

## Frivilligarbeid i Klepp FS:



*Frivillige pakkar mat som blir levert ut til folk som treng noko ekstra*

Aktivitetssvenn  
Basketball i Borehallen  
Besøksbaby  
Besøkshundar  
Besøksvenn/Turvenn  
Boka kjem  
Datahjelp  
Eldre hjelper eldre  
Fleirkulturelt arbeid  
Frivillige på institusjon  
Få det gjort  
Glade hjul  
Gledesspreiarar  
Goddrøsen i Ståvå  
Gruppeleiar  
Grøn glede  
Hobby, form og farge  
Handarbeidsgruppe på Aktivitetssenteret  
Internasjonal kvinnegruppe  
Kafear for eldre på Bore og Orre  
Karane med klypå  
Kjøre/Følgje  
Kleppeturen  
Kunstgruppe  
Leksehjelp  
Leseombud  
Litteraturgruppe  
Lys og lyd  
Lyttevenn  
Matutkjøring  
Meditasjon  
Mengdekjøring  
Møteplassen  
Norsk på nett

Norskgruppe på sentralen  
Paletten – malegruppe  
Praktisk hjelp i heimen  
Ringevenn  
Saman på nett  
Seniornettkafe  
Slekstgransking  
Småttroll  
Snekkergruppe på Aktivitetssenteret  
Språksprell  
Strandturen  
Strandvandring  
Strikkekafe  
Strøsand  
Telefonvenn  
Tirsdagsklubben på Orstad  
Toppturen  
Trafikkvakt  
Treffpunktet  
Ulike kurs  
Verdensrommet  
Ver lur, opplev kunst og kultur  
Vaketenesta  
Åpen hall



*Ungdommar frå «Få det gjort» er klare for oppdrag.*

Utlån:  
*Vi lånte ut:*  
Barnestolar  
Mobil teleslynge  
Utlån til grupper, lag og organisasjonar:  
Møterom  
Møterom på nett  
KOMP  
Bil til mengdekjøring



*Samling for Frivillige som har bidratt på massevaksineringa i Klepp*

## Arbeidsåret 2020

Frivilligsentralen i Klepp har over 450 registrerte frivillige, som deltar i over 50 ulike oppgaver/aktiviteter.

### Eldrehjelpa

Eldrehjelpa hadde 25 oppdrag i 2021. På grunn av Covid 19 er dette vesentleg færre oppdrag enn året før. Hovudgrunnen til dette er at sjukehuset i periodar ikkje tillot at pasientar hadde med seg følgje inn. Det er større etterspørsel etter frivillige som kan hjelpe med enkle oppgaver i heimen. Vi treng å rekruttera fleire frivillige.

### Møteplassen



*Møteplassen hadde åpent under hele perioden – med utandørstreff.*

Møteplassen starta opp for 11 år sidan, og er nå ein viktig møteplass for menneske som slit med rusproblem. 21 er med som frivillige, slik at tilbodet kan ha oppe 3 dagar i veka for deltakarane. Møteplassen har fått midlar til aktivitetar ut 2021 frå Sparebankstiftelsen Sr-bank. I år har vi hatt avgrensa aktivitet på grunn av Covid 19. Vi har hatt fokus på sunne og varme måltid, og med mulighet til å ta med middag heim. Elles har vi hatt aktivitetar som bingo og kviss.

### Treffpunktet



*Fornøgde frivillige på Treffpunktet*

Har over 20 deltakarar og 15 frivillige. Tilbodet er retta mot personar som har behov for meir aktivitet i kvardagen. Tilbodet har oppe 3 timar to dagar i veka og tilbyr trening, mat og ulike aktivitetar. Vi har gjennom 2021 klart å halde Treffpunktet oppe i samarbeid med gode frivillige. Treffpunktet fekk midler frå Gjensidigestiftelsen. I 2022 utvidar Treffpunktet tilbodet til tre timar i veka.

### Nytt i 2021

#### Massevaksinerings

Frivillige har bidratt med over 2000 timer arbeid i samband med massevaksinerings i Klepp. Frivilligsentralen har koordinert frivillige frå Bore Sanitetsforening, Klepp Sanitetsforening, Orre Sanitetsforening, Klepp Rotary og Klepp Frivilligsentral. Massevaksinerings starta opp i samarbeid med Time kommune i Varheia skule i mai, før ein i august flytta over til Klepp Rådhus. Over 60 personar har bidratt i massevaksinerings.



#### Pakking av Korona-testar

Frivilligsentralen har koordinert pakking av Korona-testar for Luftvegslegevakta. Pakkinga har skjedd 2 gonger i veka, med opptrapping i desember med pakking kvar dag i vekedagane. Her jobba 10 ungdommar frå prosjektet «Få det gjort» på skift.

#### Strandvandring

I samarbeid med Hå og Sola Frivilligsentralar starta vi opp eit nytt tilbod: «Strandvandring på Jæren». 12 turar frå Sirevåg i Hå, langs kysten i Klepp og gjennom Sola til Tre Sverd i fjell.

Fire frivillige frå Klepp hadde ansvar for dei fire strandturane i Klepp. Det kom mellom 15 og 40 personar på turane i Klepp. Tilbodet blei støtta av Frivillig-Rogaland.



*Strandvandring – ett nytt tilbud av året*

### **Basketball i Borehallen**

Frivilligsentralen har i samarbeid med Borehallen starta opp eit treningstilbud for ungdom to dagar i veka i Borehallen. Kvar fredag og sundagskveld møtes ungdommar for å spele basketball. Dette tilbudet blei oppretta etter ei bekymra mor og ein frivillig tok kontakt med oss om at ungdommane ikkje hadde nokon plass å vere.



*Aktivitet i Borehallen er populært, her frå Open hall i haustferien*

### **Språksprell**

Språksprell på Bryne kompetansesenter der introduksjonsprogrammet for flyktingane busette i Klepp og Time held til.

Språksprell på Bryne skulle vera eit samarbeid mellom Time og Klepp Frivilligsentralar, men Time hadde då ingen frivillige å stilla med. Utover hausten blei også færre frivillige frå Klepp med – særleg på grunn av sviktande helse. At ingen frå Time blei med gjorde at me tvila på om me kunne fortsetta etter nyttår. Men i desember fekk Time heile fire nye frivillige, så nå ser det godt ut for Språksprell framover.

Me blei svært godt mottekne av Flyktingtenesta. Og brukarane er svært glilde å vera saman med. Det går fint, trass i stor skilnad i kunnskapsnivå hos dei.

### **Prosjekt 2021/22**

Eksterne midlar til følgjande prosjekt:

- Treffpunktet, kr 62 000  
*Gjensidigestiftelsen*
- Møteplassen, kr 60 000  
*Sparebanksstiftelsen Sr-bank*
- Strandvandring, kr 15 000  
*Frivillig-Rogaland*
- Strøsand/Fallforebygging, kr. 8 000  
*Folkehelsemidler*
- Verdensrommet, kr 800 000  
*Helsedirektoratet/Fylkesmannen*
- Få det gjort, kr 116 000  
*Bufdir*
- Lyd og lys-prosjekt, kr 217 375  
*Gjensidigestiftelsen*
- Grønn glede, kr 65 000  
*Gjensidigestiftelsen*
- Trimpoengappen, kr 15 000  
*Folkehelsemidler*

### **Grøn glede**

I samarbeid med Ungdommens kultursenter Axis har vi hatt prosjektet Grøn glede. Her har frivillige frå Klepp Frivilligsentral laga blomsterkassar av pallar. Ungdommar frå Axis har dekorert og planta blomster i kassane som er satt ut fleire stader i Klepp for å glede andre. Frivilligsentralen har også arrangert kurs i redesign gjennom heile hausten.

*Flotte kassar laga i samarbeid mellom eldre og*



*ungdommar i Klepp*



*Spreke topptur deltakara*

## Verdensrommet

Klepp Frivilligsentral og Klepp Bibliotek har fått midler frå Helsedirektoratet gjennom Statsforvaltaren i Rogaland til prosjektet Verdensrommet. Gjennom prosjektperioden har vi jobba med å få eldre med på nett. Vi har streama arrangement, og hatt opplæring av lag og organisasjonar i streaming. Vi har testa ut KOMP, hatt opplæring/kurs for eldre i bruk av data, mobil, ipad og digitale møteplassar.



*Kurs i digitale møteplassar*

## Få det gjort

Frivilligsentralen fekk tilskotsmidlar fra Bufdir til inkluderings-prosjektet «Få det gjort». Dette skal gi ungdom arbeidslivserfaring og ein relasjon til arbeidslivet gjennom kurs, temakvelder og lønna arbeid. Prosjektet starta opp 1. august 2020, og har sida den gong fått midlar til enda eit år (2021). Til no har 32 ungdommar fått opplæring, ulike jobbkurs og praktisk erfaring med å jobba. Dei fleste jobboppdraga får vi hos private, men vi har og fått vera med som vakt på massevaksineringa og pakking av korona- testar. Nokre har hatt arbeidspraksis på Håland kjøtt, og elles ulike jobbar for Klepp næringslivsforening. Seks frivillige er tilknytta prosjektet ,og har vore med på å kursa ungdom, samt vore veiledarar ute hos oppdragsgjevar. Prosjektet vert avslutta 1. mars 2022, men det er søkt midler til vidareføring eitt år til.



*Bilete av nokre av ungdommane, saman med prosjektleder Elise Sofie Høyland*

## Frivilligpris

Frivilligprisen 2021 blei tildelt Bjørn Harald Kleppe, som gjennom 50 år har vore ei eldsjel i Norsk Folkehjelp. Han var med på å stifta Norsk Folkehjelp, Jæren i 1971. Han har gjennom eit halvt århundre inspirert, motivert, og lært unemneleg mange personar opp i førstehjelp og redningsarbeid.

Bjørn Harald er ei drivkraft og ein lun, varm motivator som engasjerer medlemmene og får ting til å skje. Han kjenner dei fleste aktive medlemmene, frå dei minste til pensjonistane.,

Bjørn Harald Kleppe er æresmedlem i Norsk Folkehjelp. Han har og, som ein av ytterst få, blitt tildelt prisen «årets folkehjelper» (2011) Gjennom sine 40 fyrste år hadde Bjørn Harald Kleppe hatt ikkje mindre enn 54 ulike verv i Norsk Folkehjelp. Me gratulerer med prisen.



*Bjørn Harald Kleppe i kjent stil i oppdrag for Norsk Folkehjelp Jæren.*



*Frivilligsentralen og Klepp kommune på Stand på Klepp24*



*Ungdommer frå «Få det gjort» på matkurs med unge kokkar.*



*Frivillige frå Toppturen -planlegg nye turar i 2022*



*Kvinnegruppa var glad for å kunne møtast på vanlig måte igjen i november. Men like etter var det nedstengning igjen.*



*Frivillige deler ut strøvsand i Klepp, eller du kan hente på Fredheim. Her viser Elise, prosjektleiar i «Få det gjort», kor du kan hente sand.*



*Strandturen på Orre hadde haustsamling på loftet, med god mat, underhaldning og viktig drøs. .*



*Stor stemning blant frivillige og deltakara på Leksehjelp*



*Unge gledesspreiarar med som frivillige på institusjon*



*Strandturen er inne i sitt 11. år – og er meir populær en nokon gong.*

Frivilligsentralen har i året som er gått blitt støtta økonomisk eller fått gaver frå:

- Klepp kommune
- Frivillig-Rogaland
- Sparebank Stiftelsen Sr-bank
- Gjensidige Stiftelsen
- Fylkeskommunen
- Statforvalteren
- Buf dir
- Trygg Trafikk
- Matsentralen
- Klepp Menighet
- Folkehelsemidler
- Kiwi - Verdalen
- Jæren Sparebank
- Klepp Energi
- Stiftelsen Fredheim
- Lions Klepp
- Brustadbua
- Holdbart
- Jmb products
- Grude og Klingsheim eiendom as
- Coop landbruk Orre
- Rema 1000 Verdalen
- Fjordland
- Private gjevarar

